



Kinn kommune  
postboks 294  
6701 MÅLØY

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Kåre Træen, 5764 3004

## Kinn kommune - budsjett 2022 og økonomiplan 2022 - 2025

Kinn kommunestyre har i møtet 14.12.2021, sak 177/21, handsama og vedteke budsjett 2022 og økonomiplan 2022 – 2025.

Kinn kommune er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Statsforvaltaren at budsjett og økonomiplan er i balanse, og at det ikkje er budsjettert med uspesifiserte innsparingar.

### Bustadsosialt arbeid

Kommunal- og distriktsdepartementet har sett i gang eit treårig forsøk for å skape ei tettare kopling mellom det bustadsosiale arbeidet og andre kommuneretta oppgåver hjå Statsforvaltaren. I forsøksperioden er Husbankens rettleiingsoppgåver overført til Statsforvaltaren. Eit godt bustadsosialt arbeid vil over tid vere lønsamt for kommunane, og til rettleiing og oppfølging av kommunane vil vi m.a. bruke informasjon frå budsjett og økonomiplanar. Vi ber derfor om at kommunane frå 2023 omtalar mål og tiltak innanfor det bustadsosiale arbeidet i budsjettdokumenta.

### Oppsummering

*Kinn kommune har ein stram økonomi, som dei komande åra gjev lite økonomisk handlingsrom. Med alt ei høg lånegjeld, og ein vidare planlagt auke sett i samanheng med låge driftsreservar, er det ein risiko for at kommunen ikkje vil klare å handtere gjelda på kort og lang sikt utan at det får større konsekvensar for tenestetilbodet. Statsforvaltaren meiner difor at kommunen dei nærmaste åra må prioritere investeringar etter pålagde oppgåver ut frå tenestebehovet og rettane til innbyggjarane. I tillegg vil det vere nødvendig å redusere driftsutgiftene, slik som kommunen planlegg og er i gang med. Samla sett vil dette gje betre netto driftsresultat, som kan bidra til å byggje opp ein nødvendig bufferkapital. Dette må til for å oppfylle grunnleggjande krav i kommunelova til økonomiforvaltning, at kommunar skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna blir vareteken over tid.*



## Budsjett 2022

Etter førebelse Kostra-tal for 2021<sup>1</sup> fekk kommunen eit netto driftsresultat på 26,8 mill. kroner. Det utgjer 1,5 prosent av driftsinntektene. Etter at det vart overført 2,9 mill. kroner til investeringar og netto brukt 2,8 mill. kroner av bundne fond, er avsetjinga til disposisjonsfond 25,3 mill. kroner. Fondet er ved utgangen av 2021 på 48,1 mill. kroner, som er 2,7 prosent av driftsinntektene. Gjennomsnittet for landet utan Oslo er 13,7 prosent.

Inntekt på skatt og rammetilskot (frie inntekter) er budsjettert med 1 138 mill. kroner. Siste KS-prognosen, som er oppdatert etter budsjettvedtaket til Stortinget og folketalet per 01.01.2022, er på 1 128 mill. kroner.

Inntekter for eigedomsskatt er budsjetterte til 80,5 mill. kroner, faktisk inntekt i 2021 var 81,9 mill. kroner. Frå 2022 blir inntekter til kommunane frå Havbruksfondet berekna etter salsinntekt for ny kapasitet i oppdrettsnæringa, og i tillegg vil kommunane få inntekter frå ei produksjonsavgift. Ut frå nasjonale føresetnader har Kinn samla sett berekna ei inntekt på til saman 37,3 mill. kroner i 2022. Netto finansutgifter er budsjettert med 142,3 mill. kroner, faktisk utgift i 2021 var 125,7 mill. kroner.

Netto driftsresultat er budsjettert med 2,5 mill. kroner, som utgjer 0,1 prosent av driftsinntektene. I disponering av resultatet skal det tilførast 1,3 mill. kroner i bruk av bundne fond, og etter det avsetjast 3,8 mill. kroner til disposisjonsfond.

Samanlikna med revidert budsjett for 2021 er sum netto driftsramme for administrasjon og tenesteområda nominelt vidareført i 2022, men innanfor ramma er det gjort nominelle reduksjonar for barnehage, grunnskule, kommunehelse og pleie- og omsorg.

Kommunen har budsjettert med investeringar i anleggsmiddel for til saman 302 mill. kroner. Dette skal finansierast med 261 mill. i lån, kompensasjon meirverdiavgift 31 mill., tilskot 8 mill. og salvarige driftsmiddel 1,5 mill., kroner. Av låneopptak utgjer lån til VAR-anlegg 111,4 mill. kroner, der kapitalutgifter blir dekt inn gjennom brukarbetalingar. I tillegg er det budsjettert med utlån av eigne midlar på 28,6 mill. kroner, finansiert med lån. Dette gjeld i hovudsak lån til Flora Hamn KF. Tilskot til investeringar i Kyrkja er budsjettert med 9,5 mill. kroner. Nytt låneopptak i 2022 til investeringar, konserninterne utlån og andre utlån blir etter dette 289,7 mill. kroner.

Startlån frå Husbanken til vidare utlån er budsjettert med 70 mill. kroner.

Førebelse Kostra-tal for 2021 viser at kommunen som konsern har ei brutto langsiktig lånegjeld på 2,872 mrd. kroner. Brutto lånegjeld utgjer då 159 prosent av driftsinntektene. Tilsvarende er gjennomsnittet for landet (utan Oslo) 115 prosent<sup>2</sup>. Netto renteesponering for Kinn er 101,3 prosent av totale driftsinntekter, mot landet 49,8 prosent<sup>3</sup>

---

<sup>1</sup> Konsern-tal for kommunekassa med kommunale føretak (KF), interkommunale selskap (IKS) og interkommunale samarbeid.

<sup>2</sup> Konsern-tal for kommunekassen med kommunale føretak (KF), interkommunale selskap (IKS) og interkommunale samarbeid.

<sup>3</sup> For Kinn betyr det at ein renteauke på ein prosent, isolert sett vil belaste kommuneøkonomien med ein prosent av driftsinntektene.



## Økonomiplan 2022 – 2025

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyrets prioriteringar og løyvingar og dei mål og premisser som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanen sin handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.

Samanlikna med 2022-budsjettet er sum driftsinntekter budsjettert på same nivå i 2024, medan det er reduksjonar i 2023 og 2025. Dette har først og fremst samanheng med reglane for inntekter frå Havbruksfondet, som betyr at det blir større forskjellar mellom inntekter annakvart år. Driftsutgiftene er reduserte frå 1,681 mrd. i 2022, til 1,621 mrd. i 2024, ein reduksjon på 60 mill. kroner. Bortsett frå pleie- og omsorg skal det gjennomførast innsparingar/reduksjonar for administrasjonen og alle tenesteområda. Største reduksjonar er det innanfor barnehage og grunnskule. Netto finansutgifter aukar frå 142,3 mill. i 2022, til 189,4 mill. kroner i 2025. Etter dette er netto driftsresultat i prosent budsjettert til - 0,4 prosent i 2023, 1,3 og -0,2 prosent i 2024 og 2025. Dette gjev eit gjennomsnitt for heile økonomiplanperioden på 0,2 prosent. I sum er det budsjettert med 16 mill. kroner i avsetjingar til disposisjonsfond. Det betyr at disposisjonsfondet ved utgangen av 2025 utgjer 3,3 prosent av budsjetterte driftsinntekter for kommunekassa.

I heile økonomiplanperioden er det planlagt investeringar i varige driftsmiddel for 1,6 mrd., tilskot til andre sine investeringar 19 mill., utlån av eigne midlar 179 mill. og opptak av Startlån for vidare utlån med 240 mill. kroner. Dei største investeringane i økonomiplanperioden er innanfor VAR-området, kultur og pleie- og omsorg. Investeringane er planlagt finansierte med 1,459 mrd. kroner i nye lån, av dette 500 mill. kroner til VAR-investeringar. Langsiktig brutto lånegjeld for kommunekassa er ved utgangen av 2025 berekna til 3,7 mrd. kroner, som då kjem til å utgjere om lag 220 prosent av brutto driftsinntekter. I denne summen ligg samla lånegjeld inkludert utlån til kommunale føretak, Husbanklån for vidare utlån, sjølvfinansierande lån til VA-anlegg og lån der kapitalutgifter blir dekte av kompensasjonstilskot eller reduksjon i andre driftsutgifter.

### Finansielle måltal

Etter kommunelova skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal med handlingsreglar for utvikling av økonomien til kommunen. Finansielle måltal skal nyttast i planlegging og styring, som grunnlag for å vareta den økonomiske handleevna over tid. Kinn kommunestyre har vedteke følgjande langsiktige krav til finansielle måltal:

- Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter: 2 prosent
- Netto lånegjeld<sup>4</sup> i prosent av brutto driftsinntekter: 170 prosent
- Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter: 8 prosent
- Netto rente- og avdragsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter: 11,5 prosent.

Resultat av finansielle måltal etter kommunestyret sitt vedtak for budsjett- og økonomiplan 2022-2025:

	2022	2023	2024	2025
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	0,1	-0,4	1,3 %	- 0,2 %
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter	154,5	166	177,6	179,4
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter*	0,5	0	1,4	1,2
Netto finans og avdrag i prosent av brutto driftsinntekter	9	10,3	11,1	11,8

\* etter rekneskapsresultatet for 2021 utgjer disposisjonsfondet om lag 3,3 prosent ved utgangen av 2025.

<sup>4</sup> SSB definisjon: Brutto lånegjeld ekskl. pensjonsforpliktingar med fråtrekk av totale utlån og ubrukte lånemidlar. Netto lånegjeld etter førebelse Kostra-tal 2021 er for Kinn som konsern 142 prosent, gjennomsnitt for landet (utan Oslo) 92,7 prosent.



### **Statsforvaltaren sine vurderingar**

*Kinn kommune har ein stram økonomi, som dei komande åra gjev lite økonomisk handlingsrom. Med alt ei høg lånegjeld og ein vidare planlagt auke sett i samanheng med låge driftsreservar, er det ein risiko for at kommunen ikkje vil klare å handtere gjelda på kort og lang sikt utan at det får større konsekvensar for tenestetilbodet. Statsforvaltaren meiner difor at kommunen dei nærmaste åra må prioritere investeringar etter pålagde oppgåver ut frå tenestebehovet og rettane til innbyggjarane. I tillegg vil det vere nødvendig å redusere driftsutgiftene, slik som kommunen planlegg og er i gang med. Samla sett vil dette gje betre netto driftsresultat, som kan bidra til å byggje opp ein nødvendig bufferkapital. Dette må til for å oppfylle kommunelova sine grunnleggjande krav til økonomiforvaltning, at kommunar skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna blir vareteken over tid.*

*Oppfølging og styring etter kommunestyret sine fastsette finansielle måltal og handlingsreglar må prioriterast. Særleg viktig blir ein gjennomgang med analyse av lånegjelda, som å vurdere utvikling av netto renteesponering sett i samanheng med korleis auka lånegjeld belastar drifta med følgjer for tenestetilbodet til innbyggjarane.*

Med helsing

Lars Sponheim

Nils Erling Yndesdal  
kommunaldirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*